

SELSKAPSAVTALE
OG
VEDTEKTER
FOR
Alden hamneområde

ALDEN HAMNEOMRÅDE

Datert 10.11.2011 - Revidert 05.11.2014 – Revidert 16.10.2019

Eit samarbeid i henhold til kommunelova, jmfør Kap. 5 § 27 i kommunelova gjeldane før 01.01.2020 (med fire års overgangsperiode)

Vedtatt av Flora bystyre	saksnr. 068/11 og saksnr. 024/14
Vedtatt av Naustdal kommunestyre	saksnr. 053/11 og saksnr. 026/14
Vedtatt av Førde bystyre	saksnr. 026/11 og saksnr. 035/14
Vedtatt av Askvoll kommunestyre	saksnr. 11/415-6 saksnr. 089/14
Vedtatt av Fjaler kommunestyre	saksnr. 053/11 og saksnr. 044/14
Vedtatt av Gaular kommunestyre	saksnr. 031/11 og saksnr. 050/14
Vedtatt av Hyllestad kommunestyre	saksnr. 026/11 og saksnr. 037/14
Vedtatt av Sunnfjord kommunestyre	saksnr.
Vedtatt av Kinn kommunestyre	saksnr.

OOOoooOOO

Innhold

Kapittel 1. Stifting, formål og deltakaransvar.	4
§ 1-1 Organisasjonsform	4
§ 1-2 Formål.	4
§ 1-3 Eigarforhold og deltakaransvar.	4
Kapittel 2. Alden hamneområde si drift	5
§ 2-1 Finansiering av Alden hamneområde	5
§ 2-2 Regnskap og Budsjett.....	5
§ 2-3 Revisor	5
§ 2-4 Hamneanlegg og bygningsmasse	5
Kapittel 3. Organisasjon og leiing Alden hamneområde	5
§ 3-1 Hamneråd, Valg og samansetning	5
§ 3-2 Alden hamneområde- Hamneråd	6
§ 3-3 Hamnerådet i Alden hamneområde sitt mynde.	6
§ 3-4 Vedtak i Hamnerådet	6
§ 3-5 Protokoll frå Hamnerådet i Alden hamneområde	7
§ 3-6 Alden hamneområde prokura	7
§ 3-7 Møtegodtgjerdse	7
Kapittel 4. Alden hamneområde drift	7
§ 4-1 Sekretariat/administrasjon	7
§ 4-2 Retningslinjer for sekretariat/administrasjon	7
§ 4-3 Kjøp av tenester.....	7
§ 4-4 Arbeidsgjevaransvar.	7
§ 4-5 Samarbeid styret i Flora Hamn KF og Hamneråd Alden hamneområde.....	7
Kapittel 5. Økonomiske bestemmelsar.	8
§ 5-1 Anløpsavgift.....	8
§ 5-2 Sakshandsamingsgebyr	8
§ 5-3 Årsregnskap og årsmelding	8
§ 5-4 Plan for disponering av anløpsavgift	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Kapittel 6. Oppseiing, oppløysning, vedtektsendringar	8
§ 6-1 Oppseiing.....	8
§ 6-2 Oppløysing	8
§ 6-3 Vedtektsendringar.	9
Kapittel 7. Tvisteløysning, overgangsbestemmelsar og oppstart	9
§ 7-1 Overgangsbestemmelsar	9
§ 7-2 Tvisteløysning, voldgift.	9
§ 7-3 Oppstart	9

Kapittel 1. Stifting, formål og deltakaransvar.

§ 1-1 Organisasjonsform

Alden hamneområde er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Kinn (farvatnet sør for Bremanger) og Sunnfjord.

Samarbeidet er organisert som eit § 27-samarbeid etter kommunelova.

Alden hamneområde er etablert for å sikre at deltakarkommunane har tilgang til kompetanse, kapasitet og utstyr for å ivareta deltakarkommunane sitt lovpålagte ansvar etter Lov om Hamnar og Farvatn, med dei til ei kvar tid gjeldande forskrifter.

Rettsleg ansvar for samarbeidet vert ivareteke av eigarkommunane i fellesskap.

§ 1-2 Formål.

Alden hamneområde er oppretta for å ivareta deltakar-kommunane sitt ansvar etter Lov om Hamnar og Farvatn, samt dei til ei kvar tid gjeldane forskrifter.

Dette gjeld spesielt fylgjande områder:

- Sørge for at ferdsla i farvatnet ikkje vert hindra eller vanskeliggjort jf. §6
- Handsame søknadar om løyver etter Lov om Hamnar og Farvatn, jf §14

§ 1-3 Eigarforhold og deltakaransvar.

Alden hamneområde er eit §27-samarbeid etter kommunelova og krev korkje årleg driftstilskot eller innskuddskapital i samband med etablering.

Dei samarbeidende kommunane sine andelar i samarbeidet er fordelt på fylgjande måte:

Kinn kommune	52 %
Sunnfjord kommune	12 %
Askvoll kommune	12 %
Fjaler kommune	12 %
Hyllestad kommune	12 %

Fordeling av eigarandelar tar utgangspunkt i at tidlegare Flora kommune (no Kinn kommune) har opparbeidd statistikk over skipsanløp.

Alden hamneområde vil over tid etablere statistikk grunnlag for alle kommunane og det vil være opp til hamnerådet å vurdere om volumutvikling over tid skal føre til endringar i eigarsamansetning.

Alden hamneområde er ikkje eige rettssubjekt.

Kommunane har ubegrensa økonomisk ansvar for ein så stor del av Alden hamneområde si verksemd som den enkelte deleigar har eigarandel i Alden hamneområde.

Kapittel 2. Alden hamneområde si drift

§ 2-1 Finansiering av Alden hamneområde

Alden hamneområde mottar ikkje årleg driftstilskudd frå kommunane for å ivareta kommunane sitt ansvar ihht Lov om Hamnar og Farvatn. Gjennom deltaking i Alden hamneområde gjev kvar kommune Alden hamneområde rett til å krevje inn farvassavgift for skipstrafikk i kommunen sitt sjøområde i henhold til Lov om Hamnar og Farvatn med tilhøyrande forskrift.

Kvar kommune vel sjølv om dei vil nytte Alden hamneområde sin kompetanse og kapasitet til å få utført sakshandsaming av saker etter Lov om Hamnar og Farvatn.

Alden hamneområde har rett til å fakturere sakshandsaming til kvar kommune i samsvar med bestemmelsar i Lov om Hamnar og Farvatn med tilhøyrande forskrift og i tråd med dei gebyrsatsane som er gjeldande.

Alden hamneområde kan ikkje ta opp lån.

§ 2-2 Regnskap og Budsjett

Alden hamneområde skal ha sitt eige rekneskap med tilhøyrande budsjett. Budsjett for påfylgjande år skal være godkjent av Hamnerådet innan 15.11. Lov om Hamnar og Farvatn sine definisjonar knytt til anløp av skip samt sakshandsaming på vegne av kommunane er grunnlaget for avgifter og kostnader.

§ 2-3 Revisor

Alden hamneområde nyttar Kryss Revisjon som revisor.

§ 2-4 Hamneanlegg og bygningsmasse

Hamneanlegg og bygningsmasse som er i kommunal eige vert ikkje overført frå kommunane til Alden hamneområde. Kommunane beheld disposisjonsrett, herunder også vedlikeholdsansvar for hamneanlegg og bygningsmasse.

Alden hamneområde skal ikkje investere i hamneanlegg.

Kapittel 3. Organisasjon og leing Alden hamneområde

§ 3-1 Hamneråd, Valg og samansetning

Alden hamneområde er eit § 27 samarbeid og skal etter kommunelova ha eige styre. Alden hamneområde sitt styre har fått namnet Hamneråd. Hamnerådet består av representantar med personlig vara frå kvar kommune som deltek i samarbeidet. Hamnerådet i Alden hamneområde konstituerar seg sjølv og vel leiar og nestleiar.

Den enkelte av dei samarbeidande kommunane kan foreta nyvalg av eigne representantar i valgperioden. Nyvalg skjer for den gjenværande del av ordinær funksjonstid.

Fordeling av representantar i Hamnerådet i Alden hamneområde er som følgjer:

Kinn kommune: 1 representant

Askvoll kommune:	1 representant
Sunnfjord kommune:	1 representant
Fjaler kommune:	1 representant
Hyllestad kommune:	1 representant

§ 3-2 Alden hamneområde- Hamneråd

Hamnerådet i Alden hamneområde held møte minst to ganger i året, og ellers når leiar finn det naudsynt. Leiar har plikt til å kalle inn Hamnerådet til møte for handsaming av ei bestemt angitt sak når revisor eller nokon av dei samarbeidande kommunane krev dette.

Innkalling til møte i Hamnerådet vert gjort av leiar, eller ved denne sitt forfall, av nestleiar, ordinært med fire vekers varsel. Innkalling skal inneholde sakliste for møtet, og dei samarbeidande kommunane skal med samme frist varslast om innkalling og sakliste. Leiar kan kalle inn til møte i Hamnerådet med kortare frist dersom dette er naudsynt.

Møte i Hamnerådet kan gjennomførast som telefonmøte. Initiativet til slike vert tatt av leiar.

§ 3-3 Hamnerådet i Alden hamneområde sitt mynde.

Hamnerådet representerar øverste mynde i Alden hamneområde. Dei samarbeidande kommunane sine rettar og interesser som deltakarar i Alden hamneområde, vert utøvd gjennom Hamnerådet.

Hamnerådet i Alden hamneområde skal:

1. Påsjå at drifta i Alden hamneområde foregår i samsvar med vedtekter, vedtak og lovbestemmelsar.
2. Godkjenne Alden hamneområde sitt budsjett, herunder fastsetting av satsar for farvassavgift og sakshandsamingsgebyr.
3. Vedta årsmelding og årsregnskap
4. Vedta Handlingsplan, herunder tiltak som skal finansierast av farvassavgift.

§ 3-4 Vedtak i Hamnerådet

Hamnerådet er vedtaksført når meir enn halvparten av rådet sine representantar, eller deira vararepresentantar er til stades. Hamnerådet vert leia av leiar eller nestleiar, har begge forfall vert ein møteleiar valgt av Hamnerådet.

Saker som ikkje er oppført på saklista kan handsamast i Hamnerådet dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei framømte medlemmane motsetter seg dette.

Kvart medlem kan rette førespurnad til leiaren i møtet, også om saker som ikkje står på saklista.

Beslutningar i rådet vert foretatt ved stemmegivning og kvar kommune sin eigarandel ligg til grunn for resultatet av stemmegivninga. Eit vedtak er gyldig når meir enn 50 % av stemmene i Hamnerådet stemmer for vedtaket.

§ 3-5 Protokoll frå Hamnerådet i Alden hamneområde

Leiar skal sørge for at det vert ført protokoll frå møtet. I protokollen skal det framgå utfall av stemmegivning frå Hamnerådet. Vidare skal protokollen ha med eventuelle protokolltilførsalar representantene i Hamnerådet har bedt om.

Protokollen skal underteiknast av dei møtande i møtet. Utskrift av møteprotokoll skal sendast den enkelte kommune samt Flora Hamn KF.

§ 3-6 Alden hamneområde prokura

Hamnerådet v/leiar representerer Alden hamneområde utad, Hamnerådet kan tildele prokura

§ 3-7 Møtegodtgjerdslø

Godtgjerdslø for møter m.v. til medlemmar av Hamnerådet i Alden hamneområde vert vedtatt av Hamnerådet.

Kapittel 4. Alden hamneområde drift

§ 4-1 Sekretariat/administrasjon

For å ivareta det interkommunale samarbeidet i Alden hamneområde er Flora Hamn KF valgt som sekretariat/administrasjon. Flora Hamn KF er tildelt det operative ansvaret for å drive Alden hamneområde.

§ 4-2 Retningslinjer for sekretariat/administrasjon

Flora Hamn forestår daglig leiing og drift av det interkommunale samarbeidet i henhold til lov om Hamnar og Farvatn. Flora Hamn KF ivaretar arkivansvaret i henhold til gjeldande reglar. Vidare skal drifta følge dei retningslinjer og vedtak som Hamnerådet i Alden hamneområde fattar.

§ 4-3 Kjøp av tenester

Alden hamneområde inngår avtale med Flora Hamn KF, om levering av kapasitet, utstyr og kompetanse til drift av Alden hamneområde.

Vidare forestår Flora Hamn KF andre tenestekjøp for å ivareta drifta av Alden hamneområde i henhold til vedtak og retningslinjer satt av Hamnerådet i Alden hamneområde.

§ 4-4 Arbeidsgjevaransvar.

Alden hamneområde har ingen tilsette.

§ 4-5 Samarbeid styret i Flora Hamn KF og Hamneråd Alden hamneområde

Når Hamnerådet i Alden hamneområde har gjort vedtak om handlingsplan, budsjett og prioriteringar knytt til bruk av farvassavgifta, skal dette leggast til grunn for Flora Hamn KF si planlegging av mannskap og ressursbruk i budsjettåret.

Styreleiar og dagleg leiar i Flora Hamn KF har møterett i Hamnerådet til Alden hamneområde. Utover dette møter tilsette i Flora Hamn KF, som vert innkalt for å legge fram saker i Hamnerådet.

Kapittel 5. Økonomiske bestemmelsar.

§ 5-1 Farvassavgift

Farvassavgift kan krevjast inn etter reglar fastsatt i Lov om Hamnar og Farvatn. Hamnerådet i Alden hamneområde skal vedta nivået eller regulativet for farvassavgifta med basis i at nivået på avgifta skal være konkurransedyktig samanlikna med andre hamneområde i Norge. Det er Hamnerådet i Alden hamneområde som set nivået på Hamneavgifta. I tillegg skal kvar av dei samarbeidande kommunane vedta regulativet for farvassavgifta.

§ 5-2 Sakshandsamingsgebyr

Gebyr knytt til sakshandsaming av saker etter Lov om Hamnar og Farvatn kan krevjast inn. Hamnerådet i Alden hamneområde skal vedta eit felles regulativ for sakshandsaming etter Lov om Hamnar og Farvatn. Gebyrsatsar skal i tillegg vedtas av kvar deltakande kommune.

§ 5-3 Årsregnskap og årsmelding

Driftsåret er lik kalenderåret.

Årsregnskapet skal være avlagt innen 15. februar påfølgande år, og være ferdig revidert innen 15. mars. Årsregnskapet med revisjonsberetning og årsmelding avlagt i samsvar med regnskapslova sine bestemmelsar, skal fastsetast av Hamnerådet i Alden hamneområde før 1. mai.

Kapittel 6. Oppseiing, oppløysning, vedtektsendringar

§ 6-1 Oppseiing

Kvar av dei samarbeidande kommunane kan sei opp sitt deltakarforhold i Alden hamneområde før 1. juli det einkilde år. Oppseiingstida er 12 månader. Den enkelte av dei samarbeidande kommunane kan tre ut av samarbeidet straks dersom kommunens rett er vorte krenka ved vesentleg misleghold.

Vedtak om uttreden frå ein kommune skal ha sin basis i eit vedtak i gjeldande kommune- eller bystyret. Før behandling i det angjeldende kommune- eller bystyret skal saka være forelagt Hamnerådet i Alden hamneområde.

Hamnerådet i Alden hamneområde handsamar oppseiing frå ein kommune med omsyn til eventuelle økonomiske plikter i samband med tidlegare avtalefesta låneopptak/garantiar.

§ 6-2 Oppløysing

Alden hamneområde kan oppløysast dersom dei samarbeidande kommunane er einige om det. Kommune – bystyret i kommunane fattar endeleg vedtak i ei eventuell oppløysningssak.

§ 6-3 Vedtektsendringar.

Endringar i desse vedtektene kan kun gjerast dersom endringane ikkje er i strid med bestemmelsar i lov og forskrift.

Endring av vedtekter kan kun gjerast av kommune- /bystyre i dei samarbeidande kommunane. I slike tilfelle må alle dei nevnte kommune- bystyra vedta likelydande vedtektsendringar.

Kapittel 7. Tvisteløysning, overgangsbestemmelsar og oppstart

§ 7-1 Overgangsbestemmelsar

Dei første 2 åra (2012 og 2013) etter oppstart av denne selskapsavtale skal reknast som prøveperiode for hamnesamarbeidet.

Seinast 01. Februar 2014 skal dei samarbeidande kommunane få oversendt ei oppsummering/ evaluering av hamnesamarbeidet. Konklusjonane i evalueringa vert tatt inn i årsmeldinga.

Den enkelte av dei samarbeidande kommunane kan etter dette og fram til 1. juli 2014 skriftleg sei opp sitt deltakarforhold i hamnesamarbeidet med verknad frå 1. juli 2015

§ 7-2 Tvisteløysning, voldgift.

Tvistar som oppstår i det interkommunale hamnesamarbeidet mellom eigar kommunane i Alden hamneområde vert avgjort ved voldgift etter Lov 14. mai 2004 nr. 25 om voldgift. Voldgiftsretten skal bestå av minst tre medlemmar og kvar av partane har rett til å oppnevne eit medlem av voldgiftsretten. Medlemmane nemner i fellesskap opp ein leiar for voldgiftsretten som normalt skal være jurist. Dersom ein part ikkje oppnevner medlem av voldgiftsretten, eller det ikkje oppnås einigheit om val av leiar for voldgiftsretten, foretas oppnevning og/eller valg av Sunnfjord Tingrett.

§ 7-3 Oppstart

Desse vedtektene trer i kraft 1. januar 2012.

Alden hamneområde som eit § 27 samarbeid er operativ frå samme dato.